



SAMNANGER KOMMUNE

**Sekretariat for  
kontrollutvalet**

**OBS at nokre saker kan vera U.  
off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 14. februar 2012

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Tirsdag 21.02.12 kl. 14.00**

**i Kommunestyresalen**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no).  
Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Samnanger kommune (har møte- og talerett)  
Deloitte AS (har møte- og talerett)  
Rådmannen i Samnanger kommune

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
01/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
02/12	Protokoll frå siste møte i kontrollutvalet 13.12.11	Vedlegg
03/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter	Vedlegg
04/12	Orienteringssaker	
05/12	Gjennomgang av møteprotokollar	
06/12	Gjennomføring av prosess for vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll	
	Ymse	



SAMNANGER KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 13.12.11                      **Kl.:** 14.00 – 18.30                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 25/11 – 33/11

### MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

### DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Svein Verner Røseth (Frp)

Lena Tveit (Bygdelista)

**FORFALL** – ingen forfall

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte v/Unni Renate Moe og Aslak Svindland

Rådmann til stades i dei to innleiande sakene (sak 25/11 og 26/11) og presentasjonsrunde.

Også ordførar Marit Aksnes Aase var med under dei to innleiande sakene og presentasjonsrunde.

Økonomisjef Nina Erdal gav innføring til kontrollutvalet om opplæring i budsjett, rekneskap og økonomi (Sak 27/11 Orienteringssaker pkt.5).

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
25/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/11	Protokoll frå siste møte i kontrollutvalet 14.09.11
	Presentasjonsrunde
27/11	Meldingar / utvalet sitt kvarter
28/11	Orienteringssaker
29/11	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune
30/11	Rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta
31/11	Oppstart av arbeid med "Plan for forvaltningsrevisjon" og "Plan for selskapskontroll" for planperioden 2012 - 2016
32/11	Gjennomgang av informasjonsperm for kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka
33/11	Gjennomgang av møteprotokollar – fordeling av arbeidet i kontrollutvalet
	Ymse

## 25/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## 26/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.09.11

### HANDSAMING I MØTET

Protokoll frå møte 14.09.11 vart gjennomgått. Særleg sak 23/11 om arbeid i kontrollutvalet 2007 – 2011 – Evaluering og erfaringsoverføring vart kommentert.

Det framkom elles ikkje merknader til protokoll frå møte 14.09.11.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 14.09.11 vart samrøystes godkjend.

## 27/11 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret i Samnanger	Vedtak om: <ul style="list-style-type: none"> <li>Innkjøp av digitalt verktøy for politikarar</li> <li>Val av kontrollutval for 2011 - 2015</li> </ul>
3	Sekretariatet	Aktuelle konferansar for kontrollutvalet i 2012: <ul style="list-style-type: none"> <li>Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin kontrollutvalskonferanse vert i Trondheim 6.-7. juni 2012.</li> <li>Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse er på Gardermoen 1. – 2. februar 2012.</li> </ul>
4	Sekretariatet	Folkevaldopplæring for kontrollutval på Solstrand 23. – 24.01.2012. Program og orientering om påmelding.
5	Økonomisjef	Opplæring av folkevalde som gjeld budsjett, rekneskap og økonomi – orientering gjeve til kommunestyret 20.10.11.
	Evt. andre meldingar	Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Kontrollutvalet drøfta eit par saker under utvalet sitt kvarter, men konklusjonen vart at dette ikkje var aktuelle saker å følgja opp vidare.
2	Kommunestyret i Samnanger	Kontrollutvalet drøfta vedtak om innkjøp av digitalt verktøy for politikarar. Konklusjonen vart at ein ber sekretariatet om å senda henvending til ordførar for å be om at ordninga også skal gjelda for kontrollutvalet. Melding om val av kontrollutval for 2011 – 2015 vart teke til orientering.
3	Sekretariatet	Aktuelle konferansar for kontrollutvalet i 2012 vart drøfta. Konklusjonen vart at kontrollutvalet vil prioritera å delta på folkevaldopplæringa som skal vera på Solstrand i slutten av januar. Evt. deltaking på FKT-konferansen i juni vert å koma attende til.

4	Sekretariatet	Folkevaldopplæring for kontrollutval på Solstrand 23. – 24.01.2012 vart drøfta. Kontrollutvalet sine medlemmer er påmeldt og ønskjer å delta. Dekning i budsjettet når det gjeld opplæring vart drøfta. Det var semje om å prioritera deltaking på folkevaldopplæringa på Solstrand.
5	Økonomisjef	Økonomisjef Nina Erdal gjekk gjennom presentasjon om opplæring av folkevalde som gjeld budsjett, rekneskap og økonomi. Kontrollutvalet stilte spørsmål som det blei svara på, og orienteringa vart teke til orientering.
	Evt. andre meldingar	Ymse – ingen orienteringssaker under ymse.

#### VEDTAK

- Sekretariatet sender henvending til ordførar med førespurnad om at ordninga med digitalt verktøy til politikarar også må gjelda for kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet stadfesta at dei vil delta på folkevaldopplæring på Solstrand 23. og 24.01.12.

Dei andre meldingane vart tekne til orientering.

#### 28/11 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Deloitte	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mandat for revisjonen sitt arbeid</li> <li>• Revisjonsplan for 2011 / 2012</li> <li>• Orientering om interimrevisjon vert lagt fram i møtet</li> </ul>
2	Sekretariatet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekneskapsstoda for kontroll- og tilsynsområdet pr. 02.12.11</li> <li>• Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2012</li> </ul>
3	Sekretariatet	Teieplikt for kontrollutvalet
4	Sekretariatet	Kontrollutvalet – kontakt med media
5	Sekretariatet	Drøfta abonnement på "Kommunerevisoren" og "Kommunal Rapport" til kontrollutvalsmedlemmane
6	Sekretariatet	Rutinar for innkalling til møter i kontrollutvalet
7	Sekretariatet	Første møte i 2012
		Ymse

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Deloitte	Unni Renate Moe gjekk gjennom mandat for revisjonen sitt arbeid og revisjonsplan for 2011 / 2012. Notat om interimrevisjon vart delt ut og gjennomgått. Dette viser kva områder som er revidert og kva handlingar revisjonsarbeidet har omfatta. Orienteringssaka vart teke til orientering.
2	Sekretariatet	Rekneskapsstoda for kontroll- og tilsynsområdet pr. 02.12.11 og kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2012 vart gjennomgått og kommentert. Innstilling frå formannskap til kommunestyret vart drøfta. Det vart påpeika at budsjettposten for rekneskapsrevisjon må vera i tråd med avtalen som er inngått med revisor. Endeleg budsjett for kontrollutval og revisjon vert å leggja fram som melding på neste møte.
3	Sekretariatet	Sekretariatet orienterte om forskrift om kontrollutvalg § 5, der bl.a. dette står: "For kontrollutvalgets medlemmer og dets sekretariat gjelder forvaltningslovens alminnelige bestemmelser om taushetsplikt, jf. Forvaltningsloven § 13 mv." Kontrollutvalet drøfta kva dette vil sei i praksis, og tok orienteringa til orientering.

4	Sekretariatet	Det vart og drøfta korleis kontrollutvalet, sekretariatet og revisjon skal forholde seg til media. Det var semje om at i hovudsak skal det vera leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media.
5	Sekretariatet	Abonnement på "Kommunerevisoren" og / eller "Kommunal rapport" vart drøfta. Det var semje om at ordninga med at utvalsleiar abonnerer på "Kommunerevisoren" skal halda fram. Sekretariatet syter for bestilling.
6	Sekretariatet	Rutinar for innkalling til møter i kontrollutvalet vart gjennomgått og drøfta. Konklusjonen vart at inntil vidare vert dette gjort som før ved at det vert sendt ut både på papir og elektronisk. Innkalling på papir vert kun å senda til første vara for kvar gruppe.
7	Sekretariatet	Møteplan for 1. halvår 2012 vart sett opp: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 21. februar 2012</li> <li>• 16. april 2012</li> <li>• 29. mai 2012</li> </ul> Møteplan vert å senda over til kommunen for å koma med i møteoversyn.
		Ymse – ingen orienteringssaker under ymse

#### VEDTAK

- "Kommunerevisoren" vert tinga til utvalsleiar.
- Møteplan for kontrollutvalet 1. halvår 2012 vert sendt kommunen for å koma med i møteoversyn

Kontrollutvalet tek dei øvrige orienteringane til orientering.

#### 29/11 VURDERING AV OM DELOITTE ER UAVHENGIG I HØVE TIL SAMNANGER KOMMUNE

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

##### HANDSAMING I MØTET

Unni Renate Moe presenterte kort erklæring om uavhengighet frå revisor. Denne vart teke til orientering og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

#### 30/11 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON AV TENESTETILDELING OG ØKONOMISTYRING INNANFOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

##### FORSLAG TIL INNSTILLING:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune.
2. Kommunestyret ber rådmann syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:
  - a. Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld
    - i. å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova
    - ii. å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova
    - iii. å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova
    - iv. utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova

- b. Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.
  - c. Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.
  - d. Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.
3. Kommunestyret ber om at rådmannen gjev melding tilbake om kva som er gjort, og kva tiltak som vil bli sett i verk vidare for å følgja opp tiltaka. Slik tilbakemelding skal leggjast fram som melding for kommunestyret innan 01.05.2012, med kopi til kontrollutvalet.

#### HANDSAMING I MØTET

Aslak Svindland presenterte rapporten etter prosjekt med forvaltningsrevisjon som gjeld tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta. Kontrollutvalet drøfta rapporten og dei tilrådingar som kjem fram.

I drøftinga kom det fram at det er tenestetildeling og økonomistyring som har vore fokus-område for arbeidet, medan det og er andre områder innanfor pleie og omsorg som burde vore sett fokus på. Det vart peika på at til dømes sjukefråvær og grunnbemanning og kapasitet innanfor sektoren er ei utfordring, særleg vil det vera eit aktuelt fokus-område nå når samhandlingsreforma skal innførast. Dette er ting ein bør koma attende til i samband med å velja prosjekt når arbeid med ny plan for forvaltningsrevisjon startar opp.

Kontrollutvalet meiner det er mykje positivt som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten, og at det ser ut til at institusjonstenesta fungerer godt i Samnanger kommune. Tenestetildeling vart utøvd på ein god måte, medan det framleis er behov for meir kompetanse når det gjeld økonomistyring.

Kontrollutvalet vil og påpeika at det er viktig at kommunestyret får ei innleiande orientering når saka skal opp til handsaming. Framlegg til innstilling til kommunestyret vart drøfta og samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune.
2. Kommunestyret ber rådmann syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:
  - a. Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld
    - i. å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova
    - ii. å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova
    - iii. å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova
    - iv. utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova
  - b. Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.
  - c. Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.
  - d. Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.
3. Kommunestyret ber om at rådmannen gjev melding tilbake om kva som er gjort, og kva tiltak som vil bli sett i verk vidare for å følgja opp tiltaka. Slik tilbakemelding skal leggjast fram som melding for kommunestyret innan 01.05.2012, med kopi til kontrollutvalet.

### **31/11 OPPSTART AV ARBEID MED "PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON" OG "PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL" FOR PLANPERIODEN 2012 – 2016.**

#### **FORSLAG TIL VEDTAK**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapskontroll i Samnanger kommune.
3. Basert på ein slik analyse ber kontrollutvalet Deloitte om å utarbeida
  - a. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016
  - b. Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016
4. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte innan 15.01.12 utarbeida prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering av planforslaga.
5. Prosjektplanen vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet på mail for evt. kommentarar. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariat, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
6. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og forslag til plan for selskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret seinast før sommaren 2012.

#### **HANDSAMING I MØTET**

Sekretariatet gjekk kort gjennom bakgrunn for oppstart av planarbeid. Deloitte orienterte om korleis dette arbeidet vert planlagt framover, og om prosessen som skal gjennomførast i kontrollutvalet. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapskontroll i Samnanger kommune.
3. Basert på ein slik analyse ber kontrollutvalet Deloitte om å utarbeida
  - a. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016
  - b. Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016
4. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte innan 15.01.12 utarbeida prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering av planforslaga.
5. Prosjektplanen vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet på mail for evt. kommentarar. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariat, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
6. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og forslag til plan for selskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret seinast før sommaren 2012.

### **32/11 GJENNOMGANG AV INFORMASJONSPERM FOR KONTROLLUTVALET. KONTROLLUTVALSBOKA.**

#### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tar informasjonspermen til orientering.

#### **HANDSAMING I MØTET**

Sekretariatet gjennomgjekk informasjonspermen, og kontrollutvalet drøfta innhaldet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet tar informasjonspermen til orientering.



### 33/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR – FORDELING AV ARBEID I KONTROLLUTVALET

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ønskjer å ha som fast post på saklista å gjennomgå møteprotokollar frå politiske fora. Gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	
Formannskapet	
Utval for oppvekst og omsorg	
Naturutvalet	

#### HANDSAMING I MØTET

Det var semje i kontrollutvalet om at ein ville halda på ordninga med å gjennomgå møteprotokollar. Fordeling av arbeid vart drøfta, og vedtak som vart fatta var samrøystes.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet ønskjer å ha som fast post på saklista å gjennomgå møteprotokollar frå politiske fora. Gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Røseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

#### YMSE

Det var ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 21. februar 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 03/12

### 03/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret i Samnanger	Vedtak om: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2012</li> <li>• Budsjett 2012</li> </ul>
3	Sekretariatet / økonomisjef	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2012</li> </ul>
	Evt. andre meldingar	Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg:

- Vedtak KST-sak 67/11 – Godtgjersle folkevalde
- Vedtak KST-sak 68/11 – Budsjett 2012
- Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2012 og rekneskapstal for 2011

**SAKNR. 067/11**

**GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG ANDRE POLITISK VALDE 2012**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**10.11.2011 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal (Ap)** sette fram følgjande framlegg: "Ordførargodtgjersla for 2012 vert fastsett til kr. 565.000. Godtgjersla til andre folkevalde vert regulert tilsvarande i samsvar med regelverket som kommunestyret har vedteke."

**Øyvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg: "Ordfører i Samnanger får i 2012 ei godtgjersle på kr. 520.000. Varaordfører si godtgjersle vert kr. 31.000."

**Roy Vegar Hope (H)** sette fram følgjande tilleggframlegg til Gåsdal: "Godtgjersle for varaordfører vert fastsett til kr. 33.000. For framtida blir denne regulert i samsvar med politikargodtgjersle."

Det vart røysta alternativt over Gåsdal og Hope sitt framlegg 1. ledd, opp mot Røen sitt. Gåsdal og Hope sitt framlegg fekk 6 røyster og Røen sitt 1 røyst.

Det vart røysta over siste ledd i Hope sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

**FORM-056/11 VEDTAK:**

Ordførargodtgjersla for 2012 vert fastsett til kr. 565.000. Godtgjersla til andre folkevalde vert regulert tilsvarande samsvar med regelverket som kommunestyret har vedteke. Godtgjersle for varaordfører vert fastsett til kr. 33.000. For framtida blir denne regulert i samsvar med politikargodtgjersle.

**15.12.2011 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Øyvind Røen Sp** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Ordføreren får i 2012 ei godtgjersle på kr. 527.000,-- Varaordføreren si godtgjersle vert kr. 31.500,-. I framtida vert denne regulert i samsvar med politikargodtgjersla. Godtgjersla til andre folkevalde vert regulert i samsvar med regelverket som kommunestyret har vedteke."

**Brigt Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande framlegg til tilleggsvedtak.

"Administrasjonen vert pålagt å greia ut eiga sak om alternativ ordning for pensjonsordning for folkevalde (ordførar). Ny ordning må vera meir i samsvar med vanlege pensjonsreglar i samfunnet. Saka må fremjast seinast i tilknytning til sak om økonomiplan i juni 2012."

**Jon Magne Bogevik Frp** sette fram følgjande framlegg til tilleggsvedtak.

"§ 6.1 i Vedtekter for politiske utval vert endra til: Godtgjersle på inntil 3.500,- pr møte / reiseutgifter. Møte som varer mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-"

Det vart røysta alternativt over framlegget frå Formannskapet og Øyvind Røen Sp. Øyvind Røen sitt framlegg fekk 6 røyster og fall. Formannskapet sit framlegg fekk 15 røyster og vart vedteke.

Det vart røysta over tilleggsframlegga som begge vart samrøystes vedtekne.

**KS-067/11 VEDTAK:**

Ordførargodtgjersla for 2012 vert fastsett til kr. 565.000. Godtgjersla til andre folkevalde vert regulert tilsvarende samsvar med regelverket som kommunestyret har vedteke. Godtgjersle for varaordførar vert fastsett til kr. 33.000. For framtida blir denne regulert i samsvar med politikargodtgjersle.

Administrasjonen vert pålagt å greia ut eiga sak om alternativ ordning for pensjonsordning for folkevalde (ordførar). Ny ordning må vera meir i samsvar med vanlege pensjonsreglar i samfunnet. Saka må fremjast seinast i tilknytning til sak om økonomiplan i juni 2012.

§ 6.1 i Vedtekter for politiske utval vert endra til: Godtgjersle på inntil 3.500,- pr møte / reiseutgifter. Møte som varer mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-.

### 10.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet gjekk igjennom og drøfta rådmannen si tilråding til driftsbudsjett og investeringsbudsjett for 2012.

Formannskapet drøfta følgjande for heile budsjettperioden:

- Vegvedlikehaldet - dei ønskjer å prioritera dette i økonomiplanen (asfaltering og rehabilitering av kommunale vegar).
- Revidera og auke ramma til kultureininga.
- Avsette 3% av brutto driftsbudsjettet til uforutsett dei neste åra.

Tiltak i 2012 som vart drøfta:

- Brannsløkking i kyrkja på Ådland og vedlikehald.
- Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
- Innkjøp av musikkbinge
- Senter for funksjonshemma
- Rehabilitering Kommunehuset

### Røysting driftsbudsjettet

Birthe Skar-Moum fekk permisjon og gjekk ifrå kl. 12.40 11.11.2011, og ho deltok ikkje under røystinga.

Rådmannen sette fram følgjande tillegg til rådinga: Revidert avtale med PPT gjev ein auka utgift på kr. 126.000. (Utgifta var ikkje kjent då budsjettet var sendt ut). Formannskapet slutta seg til tillegget.

### Formannskapet kom med følgjande framlegg til endring av rådmannen sitt framlegg:

**Gunnar Bruvik (Frp)** sette fram følgjande framlegg:

” Tilskot til kyrkja vert auka med kr. 30.000. Midlane skal nyttast til vedlikehald av bygningar og kan nyttast til kjøp av tenester evt. til engasjement av vedlikehaldspersonell. I løpet av 2012 må det avklarast om kommunen kan ta ansvar også for bygningsvedlikehaldet av kyrkjene. ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Ordførar** sette fram følgjande **fellesframlegg**: ” Kontrollutvalet får auka sitt budsjett med kr. 30.000. Tiltaket for unge sysselsette skal omfatta 7 personar og busjettsummen vert auka med kr. 22.000. ”

Framlegga vart samrøystes vedteke.

**Bright Olav Gåsdal (Ap)** sette fram framlegg om å redusera renteutgiftene i 2012 med kr 170.000. Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Fellesframlegg Hope (H), Bruvik (Frp) og Olsnes (Bl)**: ”Det vert tilskot til elevar i 1-4.kl som ikkje har krav på fri skuleskyss. Tilskotet skal dekkja fri skyss i perioden 1.november-31.mars og skal vare i inneverande kommunestyrevalperiode. Ordninga skal gjelda for elevar på strekninga Bjørkheim-Haukanesodden og frå Tysse –Hagamulen. ”

Fellesframlegget frå Frp, H og Bl vart trekt fordi framleggstillarane ville vurdera finansieringa av tilskotet fram mot kommunestyret.

**Røy Vegard Hope (H)** sette fram følgjande framlegg: ” Redusere stengte ferieveker i barnehagen (Dråpeslottet) frå 4 veker til 2 veker. Tiltaket vert finansiert med auke i dei stipulerte skatteinntektene for 2012 med kr. 87.500. ” (Finansieringa vart seinare endra til kr 75.500 auka skatteinntekter og 12.000 kroner frå redusert rentekostnad).

Det vart røysta over framlegget, som var vedteke med 4 røyster mot 2.

Til slutt vart det røysta over driftsbudsjettet med vedtekne endringar.

Driftsbudsjettet for 2012 vart samrøytes vedteke med følgjande endringar:

Tekst		auka utg	auka innt
kyrkja - vedlikehald		30000	
kontrollutval		30000	
PPT – kjøp av teneste	Rev. avt	126000	
rådmann/ass. rådmann	Sjå sak 55	68000	
politikargodtgjersle	Sjå sak 56	150000	
redusert rente			170000
konsesjonskraft auka sal			200000
redusert lønsauke			68000
barnehage ferieope 2 veker		87500	
auka skatteinntekter			75500
unge sysselsette (7 stk)		22000	
Sum		513500	513500

#### Røysting investeringsbudsjettet.

Formannskapet drøfta investeringsbudsjettet

**Bright Olav Gåsdaal (Ap)** sette fram følgjande framlegg: ” Senter for funksjonshemma vert utsett til 2013. Rehabilitering av kommunehuset vert ført opp med kr 4 millionar i 2012.

Det vart røysta over framlegget til Gåsdaal som vart samrøytes vedteke.

Investeringsbudsjettet for 2012 vart samrøytes vedteke med ovannemnde endring.

#### **FORM-047/11 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjettet for 2012 vart samrøytes vedteke med følgjande endringar:

Tekst		auka utg	auka innt
kyrkja - vedlikehald		30000	
kontrollutval		30000	
PPT – kjøp av teneste	Rev. avt	126000	
rådmann/ass. rådmann	Sjå sak 55	68000	
politikargodtgjersle	Sjå sak 56	150000	
redusert rente			170000
konsesjonskraft auka sal			200000
redusert lønsauke			68000
barnehage ferieope 2 veker		87500	
auka skatteinntekter			75500
unge sysselsette (7 stk)		22000	
Sum		513500	513500

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjettet for 2012 vert samrøystes vedteke med følgjande endring:

Senter for funksjonshemma vert utsett til 2013. Rehabilitering av kommunehuset vert ført opp med kr 4. millionar i 2012.

### 15.12.2011 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

**Øyvind Strømmen BI** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "1. Samnanger kommunestyre går inn for auka bruk av programvare med open kjeldekode / fri programvare.  
2. Samnanger kommunestyre ber om ei vurdering av overgang til UNIX-basert operativsystem – då primært Linux-system som er tilgjengelege som fri programvare. Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i innføring av Linux i skulen som fyrste fase."

Framlegget fekk 9 røyster og fall.

**Øyvind Strømmen BI** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Punkt 1.1400.2730 strykes.

De 60.902 kronene omdisponeres slik:

Til 1.3200.2331 Forebyggende edruskapsarbeid.

1.2700 Konsulenttenester, økes med 20.000.

1.2700 Kjøp frå andre private, økes med 20.000.

1.4701 Tilskot til lag / foreningar, økes med 20.000."

Framlegget fekk 3 røyster og fall.

**Marit A. Aase Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Investeringsbudsjett 0.1600 3251 Industriområde Rolvsvåg vert finansiert med ekstra lån 3 mill."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Marit A. Aase Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Investeringsbudsjett

Låneopptak

Låneopptak for 2012 vert sett til kr. 22,5 mill. Lånet skal nedbetalast over 40 år med to avdragsfrie år.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Bright Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande oversendingsframlegg:"

- a) Kommunestyret vil peika på at kommunehuset skal vera universelt utforma og vil be om at det vert laga ei sak med kostnadsoverslag og framdriftsplan for bygging av heis.
- b) Kommunestyret ber Rådmannen greia ut ei sak som viser kva som skal til og kostnader med å oppretta frivilligsentral i Samnanger."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret gjekk i gruppemøte.

**Birthe Skar-Moum Ap** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Forslag om å omfordele midler avsatt til vedlikehald av kyrkja, kr. 30.000 til skuleskyss for 2.-4. klasse i vintermånadene. Det vert lagt opp til at foreldre må søke om tilskudd for reelle bussutgifter.

Framlegget fekk 6 røyster og fall.

**Eva Hellevang H:** "Ledige lønsmidlar i samband med vakanse (kultursjefstillinga). Beløpet blir brukt til skuleskyss for 2-4 klasse i januar, februar og mars -12. Kommunen sender brev til foreldrene til de barna det gjelder, og ber dem søke om skuleskyss etter behov."

Framlegget vart vedteke med 11 mot 10 røyster.

**Gunnar Bruvik Frp** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Det vert gitt skuleskyss til alle elevane i 1-4 klasse i tidsrommet 1.nov. til 15.mars. Dette vert finansiert ved at:

Konto nr. 1.2210.2230.1701 skuleskyss vert auka med kr. 60.000.

Konto nr. 1.1500.3850 løn kultursjef vert sett ned med kr. 60.000.

Dette under føresetnad av at me får tilgang til ordinære skyss-ruter."

Framlegget fekk 4 røyster og fall.

Før endeleg røysting over framlegga om skuleskyss vart det prøverøysta over desse. Endeleg røysing og prøverøysing gav same resultat.

**Øyvind Røen Sp** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Kommunestyret bed om at administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret om organisering av leiarnivået i kommuneadministrasjonen. Her skal stillingar og ressursbruk vurderast. Saka vert lagt fram for kommunestyret til møtet 31.januar 2012."

Framlegget fekk 6 røyster og fall.

**Marit A. Aase Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Kr. 58.000 avsett til Ungdomsrådsarbeid på konto 1.1200.1004 vert overført til 2012 dersom det vert overskot i kommunerekneskapen."

Framlegget vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

Det vart Røysta over samla budsjett:

Driftsbudsjettet vart samrøystes vedteke

Investeringsbudsjettet: Industriområde Rolvsvåg: Samrøystes. Låneopptak: Samrøystes

Heile investeringsbudsjettet vart samrøystes vedteke

Samla budsjett vart samrøystes vedteke



**KS-068/11 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjettet for 2012 vart samrøytes vedteke med følgjande endringar:

Tekst			auka utg	auka innt
kyrkja - vedlikehald			30000	
kontrollutval			30000	
PPT – kjøp av teneste	Rev. avt		126000	
rådmann/ass. rådmann	Sjå sak 55		68000	
politikargodtgjersle	Sjå sak 56		150000	
reduisert rente				170000
konsesjonskraft auka sal				200000
reduisert lønsauke				68000
barnehage ferieope 2 veker			87500	
auka skatteinntekter				75500
unge sysselsette (7 stk)			22000	
Sum			513500	513500

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjettet for 2012 vert samrøystes vedteke med følgjande endring:

Senter for funksjonshemma vert utsett til 2013. Rehabilitering av kommunehuset vert ført opp med kr 4. millionar i 2012.

Investeringsbudsjett:

6.1600 3251 Industriområde Rolvsvåg vert finansiert med ekstra lån 3 mill

Ledige lønsmidlar i samband med vakanse (kultursjefstillinga). Beløpet blir brukt til skoleskyss for 2-4 klasse i januar, februar og mars -12. Kommunen sender brev til foreldrene til de barna det gjelder, og ber dem søke om skoleskyss etter behov.

Kr. 58.000 avsett til Ungdomsrådsarbeid på konto 1.1200.1004 vert overført til 2012 dersom det vert overskot i kommunerekneskapen.

- a) Kommunestyret vil peika på at kommunehuset skal vera universelt utforma og vil be om at det vert laga ei sak med kostnadsoverslag og framdriftsplan for bygging av heis.
- b) Kommunestyret ber Rådmannen greia ut ei sak som viser kva som skal til og kostnader med å oppretta frivilligsentral i Samnanger.

## Kontrollutval og revisjon

Konto	Konto (T)	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap 2011	Rev. budsjett 2011	Budsjett 2012
12700	Konsulenttenester	1100	REVISJON	146 305,00	155 000	158 000,00
14290	Betalt mva - komskomp	1100	REVISJON	40 923,75	38 760	38 760,00
17290	Momsrefusjon drift	1100	REVISJON	-40 923,75	-38 760	-38 760,00
17700	Refusjon frå private	1100	REVISJON	0,00	-4 000	0,00
		1100	REVISJON	146 305,00	151 000	158 000,00
10802	Tapt arbeidsforteneste	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	5 600	10 000,00
10803	Møtegodtgjering	1101	KONTROLLUTVAL	19 785,00	23 777	24 500,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	1101	KONTROLLUTVAL	2 790,00	4 023	4 865,00
11001	Faglitteratur, tidsskrift,	1101	KONTROLLUTVAL	350,00	1 000	2 000,00
11150	Matvarer	1101	KONTROLLUTVAL	1 060,80	1 500	1 500,00
11501	Kurs/ møte	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	5 000	15 000,00
11600	Skyss- og kostgodtgjerin	1101	KONTROLLUTVAL	0,00	5 000	5 000,00
11950	Kontingentar	1101	KONTROLLUTVAL	1 100,00	1 000	1 000,00
12700	Konsulenttenester	1101	KONTROLLUTVAL	154 100,02	150 000	160 055,00
13300	Kjøp frå fylkeskommune	1101	KONTROLLUTVAL	63 341,26	89 000	92 000,00
14290	Betalt mva - komskomp	1101	KONTROLLUTVAL	54 443,52	89 640	89 640,00
17290	Momsrefusjon drift	1101	KONTROLLUTVAL	-54 443,52	-89 640	-89 640,00
		1101	KONTROLLUTVAL	242 527,08	285 900	315 920,00
				388 832,08	436 900	473 920,00

Revisjon har ein fast pris på kr 155 000 i 2011, men det vart avsett for mykje i 2010  
 Revisjon i 2012, prisauke ca 3000



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 21. februar 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 04/12

### 04/12 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Sekretariatet	Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune
2	Sekretariatet	Om ordning med lese Brett til politikarar også skal gjelda kontrollutvalet
3	Sekretariatet	Vidare opplæring – aktuelle tema i kontrollutvalsmøter
		Ymse

### [FORSLAG TIL VEDTAK](#)

[Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg:

- Mail vedr. førespurnad om ordning med datautstyr til politikarar i Samnanger

**Fra:** Kari Marie Nygard

**Sendt:** 9. februar 2012 12:43

**Til:** 'marit.aase@samnanger.kommune.no'

**Kopi:** 'tone.ramsli@samnanger.kommune.no'; 'jens.harald.abotnes@nav.no'; Hogne Haktorson

**Emne:** Førespurnad om ordning med datautstyr til politikarar i Samnanger kommune

Til ordførar Marit Aksnes Aase

På siste møte i kontrollutvalet vart det drøfta at det er planlagt å kjøpa lese Brett til politikarar i Samnanger kommune. Det var semje i kontrollutvalet om at slik ordning også bør gjelda for kontrollutvalet. Følgjande vart ført i protokollen frå møtet:

- [Sekretariatet sender henvending til ordførar med førespurnad om at ordninga med digitalt verktøy til politikarar også må gjelda for kontrollutvalet.](#)

Kontrollutvalet vil ha nytta av å bruka digitalt verktøy på lik linje med dei andre politikarane i kommunen.

- Innkalling og sakstilfang kan sendast ut digitalt. Slik sekretariatet ser det vil ein kunna spara ressursar og tid - både for sekretariatet - og Samnanger kommune - med å la kontrollutvalet også nytta seg av data / lese Brett som arbeidsverktøy.
- Eit anna poeng er at kontrollutvalet har som ein av sine oppgåver å følgja med i andre politiske utval / formannskap og kommunestyre sine saker og møteprotokollar. Dersom kontrollutvalet skal gjera det utan å kunna nytte seg av datautstyr, slik at dei sjølv kan henta ut det dei treng vedr. innkallingar og møteprotokollar frå heimesida til kommunen, så må ein syta for å kopiera dette opp og senda det ut til kontrollutvalet.
- Vil og opplysa om at sekretariatet har god erfaring frå andre kommunar me er sekretariat for, der ein har teke i bruk datautstyr til politikarane, og der kontrollutvalet er av dei som får nytta dette.

Sidan 2 av utvalsmedlemmane i kontrollutvalet også sit i kommunestyret, så er det snakk om 3 utvalsmedlemmer dette gjeld.

Fint om eg kan få ei tilbakemelding om dette, slik at eg kan melda tilbake til kontrollutvalet i neste møte om resultatet.

*Med vennleg helsing*

*Kari Nygard*

*-seniorrådgjevar-*

*Hordaland fylkeskommune  
sekretariat for kontrollutvalet*

*Postboks 7900*

*5020 Bergen*

[kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no)

tlf. 55 23 94 06 / mob. 916 64 183



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 21. februar 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 05/12

### 05/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 15.12.11
- Formannskapet 28.11.11
- Utval for oppvekst og omsorg 29.11.11 og 07.02.12
- Naturutvalet 30.11.11 og 06.02.12

### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 21. februar 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 06/12

### 06/12 GJENNOMFØRING AV PROSESS FOR VIDARE ARBEID MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

#### Bakgrunn for saka:

På siste møte i kontrollutvalet vart sak 31/11 om Oppstart av arbeid med "Plan for forvaltningsrevisjon" og "Plan for selskapskontroll" for planperioden 2012 – 2016 handsama. Det vart gjort følgjande vedtak:

1. *"Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune.*
2. *Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapskontroll i Samnanger kommune.*
3. *Basert på ein slik analyse ber kontrollutvalet Deloitte om å utarbeida*
  - a. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016*
  - b. *Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016*
4. *På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte innan 15.01.12 utarbeida prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering av planforslaga.*
5. *Prosjektplanen vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet på mail for evt. kommentarar. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariat, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*
6. *Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og forslag til plan for selskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret seinast før sommaren 2012."*

Godkjenning av prosjektplanen vart sendt til Deloitte 26.01.12.

I prosjektplanen frå Deloitte står det m.a.:

*"I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunens ansvarsområde, basert på eigen erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet. I denne prosessen vil vi ta i bruk eit "risikospel" som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen."*

Det vert såleis lagt opp til å gjennomføra prosess med kontrollutvalet for å drøfta områder som kan vera aktuelle å vurdere å sjå nærmare på. Deloitte vil stå for gjennomføringa av denne prosessen.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Det vert ikkje lagt opp til å fatta vedtak i saka.**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar